



Dan Stephan Kaland
Møllefaret 46B
0750 Oslo

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2603 - 22/23750

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
23.03.2022

Søknad om seksjonering av GBNR 134/348

Viser til innkomen søknad om seksjonering, datert 11.03.2022.

Kommunen har sett igjennom søknader, og har notert 2 merknader som må rettast før seksjonering.

1. Det er inngang til uteboder utanfor hovuddel til seksjonane. Dette fører til at desse bodene må vera tilleggsareal B i søknaden, og merka T1, T2 på byggeteikningane.

Kommunen har berre plikt til å kontrollera 2 punkt ved vedtektene. Det første er at det er skrive kva eigedom (gbnr) seksjoneringa gjeld, og det andre er at det står kor mange medlemmar det skal vera i styret for sameiget.

2. Formuleringa som er i pkt 3a) er noko uklar: Sameiet ledes av eierne av de 2 seksjonene i fellekap. Her står det ikkje kor mange medlemmar styret skal ha.

Tal eigarar kan variera ettersom kven som eig. Det kan i allefall tenkjast å variera mellom 2, 3 eller 4 eigarar. Dette punktet kan skrivast så enkelt som at styret skal ha 2 medlemar, ein frå kvar seksjon.

Kommunen ber om tilbakemelding på desse 2 punkta før seksjonering kan gjennomførast.

Kommunen kan påføra rettingar på skjema og byggeteikningar, dersom me får «fullmakt» til å gjera dette. Tilbakemelding kan sendast på e-post til underteikna saksbehandlar.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Dan Stephan Kaland

Møllefaret 46B

0750 Oslo